

HILLESTAD HEIA

eit eventyr i fjellet



Hytte på høgfjellet –
så nær at du får tid til å nyte
naturen og dei nære ting
– så ofte du vil.

HILLESTAD HEIA

Draumen om hytte på høgfjellet er bare ein kort biltur frå Sørlandskysten. Satsar du på hytte på Hillestadheia i Tovdal, får du ein draumestad midt i villmarka – så nær heim- og arbeidsstad at du får tid til å nyte naturen – så ofte du vil.


Ditt nærmeste fjellområde

Hillestadheia ligg i Tovdal nær HILLESTAD galleriet. Det er det nærmaste høgfjellsområdet til kystbyane. Det er så nær at du vil bruke hytta titt og ofte sjølv om du har eit arbeidskrevjande yrke og mange plikter heime og ute. Tenk å kunne spenne på seg skia rett utafor hyttedøra etter ein god times biltur og ta ein forfriskande skitur i ekte høgfjell. Eller freiste auren i vatna i hyttefeltet ein vårlag fredagskveld. Det er ein god slutt på arbeidsveka og ein fin helgestart.

Miljø, komfort og villmark

Kombinasjonen komfort og natur er kjenneteikn på Hillestadheia. Her er det lagt vekt på høg standard i eit naturområde med høg vernefaktor. Derfor er inngrepa i naturen små. Eige vassverk og naturbasert reinseanlegg som resirkulerer avfallstoffa, hindrar forureining av vassdraga.

Hyttetomtene ligg spreid i terrenget. Kvar tomt er på 1–2 mål, ligg usjenert, solrikt og med utsyn. Det vert bygd fellesareal med bossbu, gjesteparkering og skileik-anlegg.




Privat heilårsveg til felles P-plass, småvegane til hyttefelta får bom som kan läsast. Sjølv om det er straum til kvar hytte, vert det ikkje vegbelysning.





Storlifjellet 860 moh




Vinter og vår i fjellet

Hillestadheia ligg på omlag 600 meter over havet i eit av dei snøsikraste områdene nær kysten. Hyttefeltet er planlagt slik at kvar tomt har utsyn og godt med areal mot nabotomtene. Det vert heilårs bilveg fram til kvar tomt, og om vinteren vert det køyrd opp ca. 20 km merka skiløyper lagt til rette for både turgåarar og mosjonistar.

På Hillestadheia får du føling med skikkeleg villmark. I liene kan du skremme opp tiur og røy, og i fjellbjørkeskogen og på snaufjellet kan du sjå rype og orrfugl. Når vårsola smeltar snø og is, dukkar sildrande bekkar fram, og i små og store vatn sprett auren.







På fjellvidda 200 høgde-meter over hyttefeltet er det fritt utsyn til alle retningar.



Går du austover, treff du
på DNT løypa til Arendal
og Omegn Turistforening.
Fjellet roper – svarer du?

Sommar og haust i fjellet

At vinteren er flott på Hillestadheia er sikkert og visst. Men sommaren og hausten byr også på flotte naturopplevingar. Hyttefeltet ligg i terrenget med tiur og elg, og i alle vatna, i og i nær hyttefeltet, er det aure. Har du fiskekort og fiskelukke, kan du få aure på opp mot kiloen.

Hillestadgalleriet er ein institusjon for kunst- og kulturinteresserte. Heilt sidan starten har galleriet vore eit populært turmål for folk frå Agder og Telemark – både store og små. På tunet er det leikepark for barn og inne er det kafé og utsal.





HILLESTAD HEIA

Høgstandard hyttetomter med heilårs bilveg til døra, straum, vatn og avlaup. Her kan du byggje hyttedraumen din. Finare og betre tilrettelagt hyttefelt skal du leite lenge etter.


Det første byggjetrinnet har 85 tomter, kvar på 1–2 mål, delt på 3 hyttefelt. Tomteprisane i første byggjetrinnet ligg mellom 300 000 og 500 000 kroner. I prisen ligg heilårsveg heilt fram til tomta, framføring av straum, vatn og avlaup.

Feltet får eige vassverk og miljøvenleg reinseanlegg.

Det vert lagt til rette for skileikanlegg til barn.

Renovasjon sørger det interkomunale renovasjonsselskapet for.

Som hytteigar har du bare ein grunneigar å forhalde deg til. Utbyggaren ordnar med vegvedlikehald, brøyting og oppkøyring av skiløyper om vinteren. Grunneigaren sørger for kultivering av 10-12 fiskevatn.



Du kan sjølvsagt velje den hyttetypen du likar – i tradisjonell eller moderne stil. Hillestadheia har tett samarbeid med lokale handverkarar. Det betyr at du kan få ei komplett pakke med tomt og hytte nøkkeler klar. «Åmlihyttene» er hytter med sær preg – «skreddarsydd» di tomt og dine krav. «Åmlihyttene» er hytter med stor grad av individuell tilpassing og personleg stil. Du kan velje enten lafta hytte eller hytte med reisverk og kledning. «Åmlihytta» kan leverast i fleire prisklassar.

Vil du bygge sjølv eller ha hytte frå annan leverandør, er det sjølvsagt du som bestemmer det.





HILLESTAD HEIA eit eventyr i fjellet



Hillestadheia AS
4869 Dølemo – Telefon: 37 08 10 20
www.hillestad.no
For fleire opplysningar kontakt
Gunnar Hillestad, telefon 975 98 085